

# Årsmelding 2006



Nye Erdal kyrkje, Askøy. Foto: Oddmund Sagstad



**BJØRGVIN BISKOP OG  
BJØRGVIN BISPEDØMERÅD**

# Innhold

<b>BREI VURDERING AV DEN KYRKJELEGE SITUASJONEN I BJØRGVIN BISPEDØME</b> .....	<b>1</b>
<b>TILSTANDSVURDERING HOVUDMÅL 1 – KYRKJA I BJØRGVIN</b> .....	<b>3</b>
Generelt om kyrkjeleg statistikk .....	3
Gudstenestelivet.....	3
Kyrkjelege handlingar.....	3
Inn- og utmeldingar.....	4
Visitas og vigsling.....	4
”Saman som medarbeidarar” .....	4
Evangelisering, misjon, økumenikk.....	4
Diakoni og samfunnsengasjement.....	5
Menneske med utviklingshemming.....	5
Kyrkjemusikk.....	5
Homofile i kyrkja .....	6
Grøne kyrkjelydar .....	6
Miljø .....	6
Etisk handel .....	7
Trusopplæring .....	7
Born og unge .....	7
Samarbeid mellom kyrkjelege organ.....	8
Kyrkjeleg tilsette og valde rådsmedlemer - kompetanse .....	8
Bispedømekontoret .....	8
Bispedømerådet.....	9
Likestilling.....	9
Forvaltning knytt til kyrkjelova.....	9
Forvaltning knytt til gravferdslova .....	9
Kyrkjelege bygningar – inventar og utstyr .....	10
Økonomiforvaltninga.....	10
Kommunikasjon.....	10
IT.....	10
Tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane .....	10
Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk.....	11
Miljøleing – ”Grøn Stat ” .....	11
Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet .....	11
<b>TILSTANDSVURDERING HOVUDMÅL 2 - PRESTETENESTA</b> .....	<b>11</b>
Regelmessig geistleg betening .....	11
Rekrutteringstiltak.....	12
Vikarordningar .....	12
Arbeidsmiljø, helse, miljø og tryggleik.....	12
Fengselsprestetenesta .....	13
Presebustadar .....	13
Organisering og leing av prestetenesta .....	13
Likestilling.....	14
Kompetanseutvikling .....	14
Retreatarbeidet .....	15
Arbeidsrettleing (ABV) .....	15

Arbeidsvilkår for prestane .....	15
Livsfasetilpassing.....	15
Beredskap og fritid.....	15
Lokal redningsentral (LRS).....	16
Samordning og samarbeid .....	16
Kommentarar til årsrekneskapen 2006.....	16
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>18</b>

## Brei vurdering av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme.

”Som presteskap står vi framfor eit krevjande år”. Slik intonerte eg det nye året då eg heldt nyårstalen i 2006. Som konkrete døme, nemnde eg at tenesteordningane skulle på plass over heile bispedømet. Vidare at dei fellestrådstilsette i Bergen stod oppe i ei energikrevjande omstilling, noko som i høg grad kunne få følgjer for prestenesta. Vi venta på Lærenemnda si uttale om ”Skriftforståelse og skriftbruk med særleg henblikk på homofilisaken” samstundes som tilhøvet mellom stat og kyrkje skulle opp til debatt.

Det vart eit krevjande år.

Her i Bjørgvin ville ikkje prestane gå inn på ei ny ordning med tenestedistrikt utan at det vart tilført økonomi og stillingsressursar. Vi fann ein veg etter at statsbudsjettet vart lagt fram i oktober, men det tok mykje energi å leva i ein slik fastlåst situasjon. Kan hende var det prostane som særleg fekk merke det: Dei var kursa og høgt motiverte, og så vart prosessen reint for langdryg. Eg trur at vi som sit i kyrkjeleiinga skal bruka noko tid på å evaluera denne prosessen.

Bupliktordninga har og skapt temperatur her i Bjørgvin. Først og fremst i Bergen der trongen for vedlikehald og nyinnkjøp er påtrengande. Då Presteforeininga hadde buplikta oppe til debatt på generalforsamlinga i september, var det representantar frå Bjørgvin som var i spiss mellom dei som ønskte ei avvikling. Her i Bjørgvin er vi nok heller ikkje nøgde med OVF si oppfølging ved presteskifte. Alt dette har gjort at eg som biskop har tatt bupliktordninga opp som sak i Bispemøtet, ikkje for å få henne avvikla, for vi må halde på henne. Men for å få tatt grep som gjer at vi som arbeidsgjevarar i større grad kjem i forarsetet.

Omorganiseringa på fellestrådssida i Bergen har nok ein gong vist at ordninga med dobbelt arbeidsgjevaransvar er utfordrande. Økonomien tvang fellestrådet til innsparingar med den følgja at svært mange fellestrådstilsette vart trekte ut frå kyrkjelydsstabane. Folk trefte ikkje tilsette på kyrkjekontora som før, det gjorde dei usikre. Det vart og ein trong for å få avklara kven som no hadde ansvar for den daglege leiinga av sokneråda si verksemd. Eg trur nok at omstillingane har hjelpt oss til å løfta refleksjonsnivået vårt. No er det og gjort tiltak som fører stabsmedlemmene tettare saman att. Økonomien har betra seg for fellestrådet i Bergen, eg trur vi er på veg mot betre tider.

Den delte uttalen frå lærenemnda har skapt uro og utryggleik hjå mange her vest, både mellom prestar og ulønna medarbeidarar. Mange har oppsøkt meg og sagt at dersom Kyrkjemøtet opnar for ein ny praksis i homofilisørsmålet, då vil dei få vanskar med å verte verande i tenesta si. I denne saka går det nok ikkje først og fremst på homofili, men på om Skrifta får stå som avgjerande norm og rettesnor i ei kyrkje som har evangeliet si reine lære og sakramenta si rette forvaltning som einaste forpliktande føresetnad.

Når det gjeld debatten om relasjonane mellom stat og kyrkje, så hadde eg venta større engasjement på grasrotplan. Får vi tilsetting av prostar i bispedømeråda og val av biskopar som meir liknar på ordningar i dei andre nordiske landa, så trur eg langt dei fleste vil halda fram som før. Slik eg ser det, har argumentasjonen i denne saka jamt over vore meir pragmatisk enn prinsipiell. Ein føresetnad er nok likevel for mange at reformprosessen internt i kyrkja går sin gang.

Den nye trusopplæringsreforma er ein suksess. Eg er imponert over det arbeidet som mange av forsøkskyrkjelydane no har kome opp med. Vi når overraskande breitt ut i mange årskull. Kreative medarbeidarar skapar nye møteplassar og spanande arenaer.

Kyrkjelydar som tenkte ut gode prosjekt, men som ikkje fekk tildelt midlar, har nok vorte skuffa. Mellom desse har nokre likevel sett i gang. Andre har plukka opp idear frå forsøkskyrkjelydane. Det gror i barnarbeidet mange plassar, søndagsskulen er i ferd med å få ei fornying, familiegudstenestene og skulegudstenestene har jamt over kvalitet. No i etterkant syner det seg at ”Barneåret” nok hadde ei uvanleg god ”timing” som gav oss god draghjelp for trusopplæringsreforma.

Talet på familiegudstenester har auka, det same gjeld andre spesialgudstenester som friluftsgudstenester og gudstenester med særleg sikte. I nyårstalen min dette året gav eg stor ros til dei kyrkjelydstilsette for den måten dei inkluderer og engasjerer folk som elles kan vere nokså kyrkjeuvante. Men eg etterlyste samstundes meir ”grovbrød” i forkynninga: Dei som trufast kjem til kyrkje må få bibelundervisning og konkret vegleiing for liva sine. I høgnessa er det vanskeleg å få dette til, særleg der det ikkje er gudsteneste kvar søndag.

Der må eg ha treft noko som mange kjente var sant. Til oppmuntring for meg og andre har mange tatt kontakt og fortalt om arbeid som vert gjort utafør gudstenesta nettopp med undervisning som siktemål. Stiftsstyret tok likevel opp temaet med meg i første kontaktmøte. Dei stadfesta at eg hadde eit veldig viktig poeng, men såg ikkje korleis dei kunne få tid til den førebuinga som er naudsynleg og dei samlingane dei veit dei skulle ha skipa til. Dei daglege oppgåvene tek all tid, det vert for lite tid til fornying. For meg som biskop har dette vorte til ettertanke.

Vi har for få prestar, og meir prekært er det vorte etter at vi fekk eit heilt naudsynleg fridagsreglement opp og stå. Her i Bjørgvin har vi dei tre kanskje største kyrkjelydane (i landet?), Askøy, Fjell og Åsane. Prognosane fortel at vi om ikkje alt for mange år har ei auking av folketalet i Hordaland på 50.000. Langt dei fleste vil bli busette i områda kring Bergen. Det er grenser for kva vi kan

overføra av presteressursar frå grisgrendte strok. Vi må ha meir mannskap i vigsla stillingar.

No har vi satsa tungt i arbeidet for og med dei ulønna medarbeidarane våre. Lenger ute i årsmeldinga vil ein kunne sjå kva grep som er tatt. På dette satsingsområdet ser det ut til at vi har fått heile bispedømet til å gå i takt. No er det medarbeidarfestar og gudstenesteinvolvering og arbeid med ”frivillighetskoordinatorar” i alle delar av stiftet.

Sjømannskyrkja/Norsk kirke i utlandet har hatt eit godt arbeidsår der dei har kombinert trongen for konsolidering med nødvendig vilje til nysatsing. Slik eg ser det, har dei ein fabelaktig evne til å bygga alliansar og møteplassar for folk flest. Med stort truverd står dei fram både i det offentlege rom og i den sårbare samtalen med einskildmenneske.

Det er utfordrande, men veldig inspirerende å vera biskop i Bjørgvin!

*Biskop Ole D. Hagesæther*

# Tilstandsvurdering hovudmål 1 – kyrkja i Björgvin

*Hovudmål 1: Kyrkerådet og bispedømeråda skal initiere og leggja til rette for felleskyrkjelege tiltak og for realisering av dei mål og satsingsområde som Kyrkjemøtet har gjort vedtak om, og bidra til at kyrkjeleg tilsette og valde rådsmedlemmer har kompetanse til å ivareta sine oppgåver. Dei kyrkjelege organa skal fremja samarbeid og god kommunikasjon med dei frivillige kristelege organisasjonane, mellom kyrkja sine organ og mellom kyrkje og samfunn.*

**Resultatmål 2.1: Gjennomføra Kyrkjemøtet sine vedtak og ivareta felleskyrkjelege oppgåver elles.**

Björgvin biskop og bispedømeråd arbeidde grundig med eigen strategiplan for 2005 – 2008. Vi registrerer at mange kyrkjelydar, prestar og prostar aktivt nyttar strategiplanen i sitt eige strategiske arbeid. Strategiplanen er utforma som eit plakattoppslag, og finst på dei aller fleste kyrkjekontora. Prostane sluttar godt opp om den samla strategiplanen og set jamleg aktuelle tema frå denne på dagsorden på prostivise samlingar. Fleire søkjarar til prestestillingar har nemnd at visjonen og strategiplanen er ei av årsakene til å søkje presteteneste i Björgvin. Bispedømemøtet og Stiftsmøtet er møtestader som aktivt vert brukt til å setje fokus. I året som gjekk har vi løfta fram medarbeidarskap som ei sentral satsing frå vår side. Kyrkjelydane har respondert godt, særleg gjeld dette medarbeidarskapspermen som vart utvikla i 2006. Dette samla inntrykket gjev oss tru for at det nyttar å arbeide langsiktig, og påverke arbeidet i sokna.

## Generelt om kyrkjeleg statistikk

Rutinane rundt innhenting av statistikk frå kyrkjelydane er betre i år ved at prestane igjen er med i prosessen. Men det er framleis naudsynt å henta inn nøkkeltal via prostane parallelt med den offisielle årsstatistikken. Det har ikkje vore mogeleg å få inn alle tala frå alle sokna så tidleg. Difor er det ikkje mogeleg å talfesta utviklinga, men ein må sjå på tendensane i dei tala som ligg føre. Dei offisielle tala vert ikkje frigjorte av SSB før i juni.

Dette gjer at vi i manglar trygge instrument for å måle om vi gjennom våre strategiar og tiltak klarer å påverke det som skjer i kyrkjelydane.

## Gudstenestelivet

Det ser ut til at det har vore noko færre gudstenester i bispedømet i 2006 totalt sett enn tidlegare, sjølv om fleire prosti har hatt ein auke. Talet på gudstenestedeltakarar har ikkje gått ned tilsvarande og gjennomsnittstalet på deltakarar ser ut til å vera stabilt, gjennomsnittet på gudstenester på sundagar og helgedagar er rundt 105. Ein tydeleg langvarig trend er at det vert fleire familiegudstenester og spesialgudstenester. Dette skuldast både eit sterkare fokus på trusopplæring og at dette er gudstenester med større oppmøte som ein ynskjer å ha fleire av. Det har og vorte meir vanleg å ha familiegudstenester eller familiemesser med nattverd og frå mange prestegjeld vert det meldt at talet på nattverdgiestar aukar, særleg når ein har nattverd med intinksjon.

## Kyrkjelege handlingar

Dei førebels tala viser ein liten auke i talet på konfirantar og ein liten nedgang i talet på døypte. Det var om lag like mange kyrkjelege vigslar som i 2005.

Kyrkja møter også menneske i andre samanhengar enn i gudstenester som vert

talde. Mykje av den diakonale tenesta skjer i møte med einskilde menneske. Det har ikkje vorte spurd etter sjukebesøk eller soknebod i årsstatistikken sidan 2004. Det er uheldig, for det er med å usynleggjera den viktige tenesta prestar, diakonar og kyrkjeleg tilsette gjer for sjuke og eldre.

## Inn- og utmeldingar


Det ser ut til å vera ein auke i talet på utmeldingar, over 800 utmeldingar mot 624 i 2005, og ein liten nedgang i talet på innmeldingar, rundt 90 mot 99 i 2005.

## Visitars og vigsling

Biskopen gjennomførte 4 visitasar våren 2006: Osterøy, Årdal, Stryn og Sund, og 4 visitasar hausten 2006: Øygarden, Lavik (med Bjordal og Ortnevik), Fjelberg og Olsvik. Det var i tillegg 4 visitasar ved sjømannskyrkjene: Geneve, Hovudkontoret i Bergen, New Orleans og Miami. Biskopen ordinerte 4 prestar og vigsla 11 kantorar, 2 diakonar og ein kateket. 2 kyrkjer vart vigsla: Erdal på Askøy og sjømannskyrkja på Lanzarote.

## ”Saman som medarbeidarar”

Prosjekt Medarbeidarskap får større og større nedslag i bispedømet. Bispedømemøtet i september blei ein stor milepæl i prosjektet med undervisning om temaet frå ulike vinklar. Her vart også ”Ressursperm for oppfølging av medarbeidarar” delt ut til alle sokneråd og kyrkjekontor. Permen var godt og grundig gjennomarbeidd og har vorte ein nyttig reiskap i omsuta for medarbeidarane i kyrkjelydane. Særleg er det i ettertid trekt fram at vedlegga, som var dømme på ulike kontraktar, medarbeidarsamtale og anna er særst nyttig for kyrkjelydane. Permen er lagt ut på nettsidene til bispedømet og kan lastast ned av alle som vil. Fleire utanfor bispedømet sine grenser har tatt i bruk permen og sender gode tilbakemeldingar.



Som del av prosjektet vart det gitt 150.000 kr fordelt på 27 kyrkjelydar (etter søknad) som eingongstilskot for å lage ein medarbeidarfest eller liknande tiltak for alle medarbeidarane. Mange gode tilbakemeldingar fortel om stort engasjement. I ressursgruppa for medarbeidarskap har vi i tillegg til praktiske innspel om prosjektet, hatt prinsipielle drøftingar som det å tilsette medarbeidarkoordinator kontra å fordele ansvaret for medarbeidarane på fleire og bruken av kontraktar når det gjeld uløna medarbeidarar.

## Evangelisering, misjon, økumenikk

### Ungdom og misjon

Blant ungdom finst mange fordommar og negativ innstilling til misjon, i mange tilfelle i mangel på kunnskap. Vi håpar at ved å kople saman ungdom og misjon, så kan vi gjere noko med dette. I 2006 blei difor ungdomskonsulent- og misjonskonsulentstillingane slått saman ved

at same personen blei tilsett i begge. Dette har gjort at vi kan satsa meir enn tidlegare på ungdom og misjon.

### **Religionsmøte**

Misjonskonsulentent har deltatt i ressursgruppa "Religionsmøte og menigheten". Det er satt større fokus på viktigheita av religionsdialog i bispedømet. Både for etablere eit nettverk i tilfelle noko liknande "9/11" eller Muhammed-teikningane skulle hende igjen, og for å hjelpe til i integreringsprosessen. Det har gjort utslag i blant anna eit møte mellom muslimske leiarar og biskop, domprost og misjonskonsulent. Men også ute i prostia har ein begynt å tenke meir på at religionsdialog er viktig.

## **Diakoni og samfunnsengasjement**

Diakonane vert no meir og meir ei gruppe som er til stor støtte og hjelp for kvarandre. Fagdageane for diakonar i Bjørgvin er blitt eit samlingspunkt som vert høgt prioritert. I tillegg byggjer vi no opp ei fadderordning der dei nye får tilbod om å bli følgd opp av ein meir erfaren diakon det første året i tenesta.

Diakoniutvalet har starta arbeidet med korleis ein kan synleggjere diakonien og diakonane for ålmenta. Etter raset i Hatlestad terrasse i 2005, vart det tydeleg for mange, via media, kor viktig diakonen er i krisesituasjonar. Men det er og viktig å tydeleggjere det sorgarbeidet som skjer utanom dei store ulukkene, eller alt arbeidet med menneske som i sine kvardagar treng hjelp og støtte.

## **Menneske med utviklingshemming**

Det skjer ein auke i vegleing på tilrettelegging av konfirmantopplegg for enkeltungdommar ute i distriktet. Det er stor skilnad på by og land, på den måten at ein i distriktet så og seia alltid integrerer ungdommar med funksjonshemming i det ordinære opplegget. I vegleingssamtalar er

målet å motivera kyrkjestabane til å auka den gudstenestelege praksisen i konfirmanttida. Dette er ein arena som vil inkludera alle, uavhengig av funksjonshemming. I byane ser vi at så lenge det eksisterar eit tilbod med spesialklassar i ulike variantar, så er det alltid eit behov for eigne konfirmantgrupper for ungdom med utviklingshemming. Våren 2006 var det 3 grupper med til saman 18 konfirmantar.

I haust har vi innført eit sorgseminar med ein ny innfallsvinkel. Tysnes prestegjeld var først ute. Denne sorgkursvarianten er todelt: Første dagen har vi kurs for og saman med menneske med utviklingshemming. Vi brukar kyrkjerommet, gravferdsliturgien, kiste, gravferdsbyrå, og avsluttar med eit minnesamvær, med mat og med plass til refleksjon for dei som ynskjer å dela sine minner med andre. Dag to er eit halvdagskurs berekna på tenesteytarar og andre knytt til nettverket rundt dei som har ei utviklingshemming. Kurset var vellukka og er eit konsept vi ynskjer å gje tilbod om til fleire kommunar.

Vi har framleis eit veldig godt samarbeid med Kirkens Sosialtjeneste når det gjeld etablering av eit bufellesskap i Bergen med ein diakonal profil. Vi har ein mogleg bygning som kan brukast til formålet. Kommunen har ikkje vore like entusiastiske i å leggja forholda til rette, så i skrivande stund er utfallet av denne prosessen uvisst.

Tematikken rundt "rett til tru og åndeleg liv" for menneske med utviklingshemming er for tida høgaktuell. Landskonferansen med denne tematikken som var i november, medverkar også til at dette vert vektlagt i vårt bispedøme. Vi ynskjer å laga ein regional oppfølgjar av denne konferansen i 2007.

## **Kyrkjemusikk**

Søndag 19. februar 2006 vart elleve kantorar vigsla til kyrkjemusikkteneste i Bergen domkirke. Vi opplevde dette som ei storhending i bispedømet. Vigslingeliturgien



for kantor er rik, og den gav oss høve til brei deltaking både instrumentalt og ved korsong. I tillegg til arrangement av faglege møteplassar, drift av kyrkjemusikk-utvalet og arbeid med rekruttering, har kyrkjemusikk-konsulenten lagt vekt på å opprette og halde kontakt med medarbeidarane i bispedømet. Svært mykje godt arbeid er i gong rundt i dei lokale kyrkjelydane. Dette gjeld både arbeidet som sorterer under soknerådet og forankringa / kontakten mange kyrkjemusikarar har ut mot det lokale musikkliv. Mange ynskjer å samarbeide med kyrkja og å ta aktivt del i arbeidet.

Vi har gjennomført ulike fagdagar både på prosti- og bispedømeplan. Innholdsmessig har vi hatt stor breidd i tema og emneval og mange har gjeve positive tilbakemeldingar. Fleire har peika på nytten av tverrfaglege samlingar; både fagleg og sosialt.

Nettverksbygging har også vore eit satsingsområde. Vi har utfordra ein kontaktperson i kvart prosti og denne fungerer som ein ”lokal” ressurs på ulike vis.

Rekruttering av kyrkjemusikarar er eit omfattande arbeid der ein må tenkje langsiktig og strategisk. Kyrkjemusikarane spelar ei sentral rolle på lokalplan. God kontakt med det lokale musikkliv og brei kontaktflate er viktig i denne samanheng, kantor kan m.a. leggje til rette for orgelundervisning i samarbeid med fellestrådet.

## Homofile i kyrkja

Alle prestane i bispedømet fekk tilsendt lærenemnda sin uttale ”Skriftforståelse og skriftbruk med særlig henblikk på homofilisaken” slik at dei kunne setja seg grundig inn i båe sider av saka. I tillegg har dette vore tema på prostikonvent og biskopen sitt stiftsmøte.

Biskopen hadde i mars møte med representantar for Åpen kirkegruppe saman med prosten i Hardanger og Voss. Prosten

er oppnemnd til å vere Bjørgvin bispedøme sin kontaktperson med ”Åpen kirkegruppe”. I 2006 arrangerte ÅK 8 gudstenester der prosten forretta ved ei av gudstenestene. Han har delteke på årsmøtet, på møte med foreldregruppa og var med i biskopen sitt møte med Åpen kirkegruppe. I tillegg var han også tilstades på tilskipingar i samband med verdas Aids-dag. Både bispedømet og Åpen kirkegruppe ser positivt på denne kontakten.

## Grøne kyrkjelydar

Miljø, forbruk og rettferd har fått eit aukande fokus i kyrkjelydane våre. I løpet av 2006 har tre nye kyrkjelydar fått diplom som grøn kyrkjelyd; Nordsida, Hornindal og Randabygd sokn (alle i Hornindal prestegjeld). At bispedømet satsa på å ha ein eigen prosjektmedarbeidar i Sogn og Fjordane skal ha mykje av æra for dette.

I tillegg har Fjell sokneråd blitt miljøfyrtårn-sertifisert som første kyrkjelege fellestråd i landet. Bispedømekontoret blei også miljøfyrtårn-sertifisert rett før jul. Prosjektleder er no miljøfyrtårn-sertifiserings-konsulent for NMS sin generalforsamling i 2008, og det er også andre som har etterspurt konsulentbistand i prosessen mot å bli sertifisert, m.a. Døvekirken og Alværa misjonssenter.

## Miljø

Mot slutten av året var det mykje fokus i media på høgfartsbane som alternativ til flytrafikken mellom Bergen/Stavanger og Oslo. Som eit ledd i arbeid med å redusere utslepp av klimagassar, har Bjørgvin bispedøme engasjert seg i denne saka. Gasskraftutbygginga på Mongstad har også fått mykje merksemd dette året. Sidan gasskraftverket er lokalisert i bispedømet, har dette vore ei spesielt viktig sak å handsame. Biskopen har også i denne saka ved fleire høve uttala seg i media.

Me opplever at kyrkja si stemme vert høyrte når biskopen og bispedømet tek ordet i miljødebatten.

## **Etisk handel**

Rettferdig handel har vore i fokus i Bjørgvin bispedøme også i 2006. Varene frå Fairtrade er blitt promotert ved alle arrangement der det har vore naturleg. Bergen har teke mål av seg til å bli fairtrade-by, og prosjektleiar for miljø, forbruk og rettferd blei i haust med i styringsgruppa for dette tiltaket.

## **Trusopplæring**

***Resultatmål 2.2: Utvikle reforma av kyrkja si trusopplæring i samsvar med Stortinget sine føresetnader.***

Bjørgvin bispedøme har no 11 pågåande trusopplæringsprosjekt i kyrkjelydane i 9 av 13 prosti, i tillegg til eitt regionsprosjekt i bispedømet (Gudsrikeleiken). Fjell og Ostereidet vart dei to nye kyrkjelydane som fekk prosjektmidlar dette året. Kyrkjelydar som har fått avslag på søknad om prosjektmidlar slit med motivering, men mange kyrkjelydar har på eiga hand og ved hjelp av økonomisk støtte frå anna hald komne i gang med ulike trusopplæringstiltak, som t.d. baby-song, dåpsskule etc. Små kyrkjelydar, spreidd busetnad, knappe ressursar og manglande eigna lokale er forhold som medfører utfordringar for kyrkjelydane med omsyn til å sette i verk tiltak. Samarbeid mellom sokn og med lokale organisasjonar i tilknytning til kyrkja kan her vere ei løysing. Mange kyrkjelydar set og sin lit til trusopplæringsreforma sin lovnad om at alle skal få midlar til trusopplæringstiltak når prosjektperioden er over.

## **Born og unge**

***Resultatmål 2.3: Stimulere og setje i verk tiltak som styrkar kyrkja sitt arbeid blant born og unge.***

## **Dei yngste**

Bispedømet si satsing på 0-4 års-fasen gjennom prosjektet "Nye steg" gjenspeglar seg no i mange gode tiltak i kyrkjelydane for den gruppa. Baby-song, open barnehage, ulike markeringar av dåpsdagen, aldersadekvate tilbod rundt 2-års-markering og rundt utdeling av Mi kyrkjebok i 4-årsalderen, dåpsskule mm er eksempel på tilbod mange kyrkjelydar har satsa på å gje til sine dåpsborn. Det vart sendt ut to temablad knytt til "Nye steg" til alle kyrkjelydar i løpet av året; eitt om våren og eitt om hausten. Tanken var at blada skulle vere til informasjon og inspirasjon i truopplæringsarbeidet.

Vestnorsk kompetansesenter for trusopplæring (VKT), som er eit samarbeid mellom bispedømerådet og Norsk lærerakademi (NLA), stod for fleire arrangement på NLA. To "workshops" om *fadderskap og dåpssamtale i store kyrkjelydar* vart gjennomført på vårparten. Konferansen "Borna og det vonde" med to hovudforedrag og 10 ulike seminar vart haldne i februar med 150 barnehagetilsette/barnarbeidarar i kyrkjelydar/organisasjonar.

Regionalt har bispedømet fått midlar til å jobbe med *Gudsrikeleiken*. Opplegget har utanlandsk opphav, men har blitt omarbeida til norske forhold i prøvekyrkjelydane. Responsen på konseptet har vore veldig god, og ein ser for seg at Gudsrikeleiken vil kunne bli eit viktig hjelpemiddel for trusopplæring i alle kyrkjelydane for born i førskulealder.

## **Ungdom**

Ungdomstinget (UT:06) blei i mars arrangert for fjerde gong i Bjørgvin. Tema var "Ungdom i gudsteneste". Ungdomstinget er ein arena der ungdom frå kyrkjelydane møtast og utvekslar erfaringar og får ny input. Etter ungdomstinget blei det sett i gang arbeid med å kartlegge ungdomsarbeidet i bispedømet. Undersøkinga er ikkje ferdig analysert enno.

Biskopen sende ut eit brev til kyrkjelydane i årsskiftet 2006/2007. Der oppmoda han til å la ungdom få delta meir i gudstenesta, både i planleggingsfasen og i gjennomføringa med både synlege og mindre synlege oppgåver.

## **Samarbeid mellom kyrkjelege organ**

***Resultatmål 2.4: Fremja samarbeid mellom kyrkja sine organ, overfor frivillige kristelege organisasjonar og mellom kyrkje og samfunn.***

I samband med soknerådsvalet i 2005, innførte fleire sokn forsøksordningar med soknestrutturen. Det er ikkje gjort evalueringar frå desse, og det er derfor vanskeleg å indikere resultat. Ytre Sogn har vurdert forsøk på tvers av fellestrådsgrensene, men utan at dette har vorte realisert. Trusopplæringsprosjekta i Ytre Sogn og i Aurland/Lærdal er døme på gode prosjekt på tvers av sokne- og kommunegrenser. Her har ein både oppnådd gode resultat for arbeidet blant barn og unge, og ein har funne samarbeidsmodellar som gjer at dei tilsette utvekslar kompetanse på ein god måte.

## **Kyrkjeleg tilsette og valde rådsmedlemmer - kompetanse**

***Resultatmål 2.5: Bidra til at kyrkjeleg tilsette og valde rådsmedlemmer har kompetanse til å ivareta sine oppgåver.***

Det vart avhalde eit Bispedømemøte i september for soknerådsleiarar og sokneprestar særleg innretta på å inspirera og gje kompetanse til å ta vare på uløna medarbeidarar i kyrkjelydane. I fleire prosti har soknerådskursa i november/desember 2005 vorte følgd opp med prostivise kurs og leiarsamlingar for soknerådsleiarane.

Det er eit gjennomgåande problem at fellestråda som lokale arbeidsgjevarar i liten

grad har økonomiske rammer til å drive systematisk kompetanseutvikling for dei vigsla stillingane. Bispedømekontoret fyller her ei viktig oppgåve som leverandør av relevant fagleg oppdatering. Eit ”Kompetanseforum” med representantar for arbeidsgjevarar/kyrkjevevjerene og faggruppene er no i funksjon og skal vera med å planleggja fagdagar og kurs i bispedømet for å sikra dei tilsette oppdatering og god kompetanse.

Dei vigsla stillingane vert følgd opp gjennom årlege fagdagar for diakonar, kateketar og kyrkjemusikarar, og kyrkjevevjerene møter årleg prostane til leiarkonferanse i bispedømet.

## **Bispedømekontoret**

***Resultatmål 2.6: Verksemdene si organisering, kompetanse og kapasitet skal vera brukarorientert og tilpassa oppgåvene***

Året 2006 vart gjennomført med 12,45 årsverk, noko som er langt lågare enn måltalet for årsverk (15,30) i tildelingsbrevet. Årsaken til dette ligg i at vi har hatt skifte i fem av stillingane, med tilhøyrande vakanse. Det er berre i mindre grad henta inn vikarar. Det er grunn til å gje dei tilsette stor honnør for vilje til å gjere oppgåver som normalt høyrer til andre stillingar. Skifte i stillingar gjev alltid høve til å rekruttere inn ny kompetanse. Vi skulle gjerne sett at tilfanget av søkjarar var større på stillingane. Skifte gjev og høve til å vurdere eventuelle endringar i organisasjonen. Det er gledeleg å stadfeste at dei tilsette er godt nøgde med organiseringa, dei har ikkje ytra ynskje om endringar. I 2006 innførte vi ny ordning for utøving av medråderett, som er i samsvar med Hovudavtalen. Leiinga ved kontoret evaluerer ordninga så langt som positiv. Samarbeidet med dei tillitsvalde har vore aktivt, både ved utforming av utlysingstekstar for stillingane, og i budsjettarbeidet.

Gjennom arbeidet med miljøfyrtårn-sertifisering har vi hatt stort fokus på arbeidsmiljøet. Dette har resultert i ei HMS-handbok for kontoret. Dette har vore særleg nyttig ved dei mange skifta av medarbeidarar vi har hatt.

Ein viktig del av personalarbeidet er å leggje til rette for at særleg erfarne medarbeidarar får høve til kompetanseutvikling. Både leiarar og fleire medarbeidarar har hatt lengre eller kortare studiepermisjonar.

## **Bispedømerådet**

Björgvin bispedømeråd har i 2006 hatt åtte møte, tre møte med det gamle rådet og fem med det nye. Til saman handsama rådet 101 saker.

## **Likestilling**

Bispedømekontoret har 17 fast tilsette, 7 menn og 10 kvinner. I leiargruppa (4 medrekna biskopen) er det 1 kvinne. Kjønnfordelinga er god blant rådgjevarane, medan det blant merkantilt personale berre er kvinner. Det er ikkje gjennomført særlege likestillingstiltak i 2006.

Når det gjeld likestillingstiltak for presteskapa, viser vi til omtale seinare i årsmeldinga.

## **Forvaltning knytt til kyrkjelova**

I 2006 har biskopen hatt seks saker knytt til ombygging av kyrkjer og åtte søknader om bygging nærare kyrkja enn 60 m. Fire av desse gjeld tilkomst med rullestol. Biskopen har gjeve fråsegn om utomhus-tiltak rundt to kyrkjer og han har gjeve fråsegn i to saker der det var bygging nærare ei kyrkje enn 300 m. Begge sakene handla om kontroversielle vedtak frå kommunen si side, og biskopen nytta høvet til å klaga i ei av sakene (utbygging ved Fjelberg kyrkje og prestegard). Fleire andre statlege/fylkeskommunale organ klaga, og biskopen fekk saman med desse medhald.

Biskopen har gjort vedtak i tre orgelsaker, to av desse gjeld digitale instrument.

Fleire fellestråd ser varmpumper som eit middel for å få varma opp kyrkjene på ein rimeleg måte. Riksantikvaren og kyrkjekonsulenten er skeptiske fordi dei ikkje har oversyn over moglege negative konsekvensar av ei slik oppvarming. Biskopen opna for eit prøveprosjekt i Skånevik kyrkje med bruk av varmpumpe i 3 år framover. Dette er ei listeført kyrkje, og Riksantikvaren bad biskopen om å revurdera vedtaket, men gjekk med på eit avgrensa prosjekt der det berre vert installert ei varmpumpe. Det er ein tydeleg mangel på kunnskap om konsekvensane ved bruk av varmpumper i kyrkjebygg, og bispedømekontoret har difor teke initiativ til at dette vert utgreidd nærare av KA sitt kyrkjeoppvarmingsprosjekt. Dei skal i 2007 gjera målingar og analyse av varmpumpeinstallasjon i Skånevik og Husnes kyrkjer. Riksantikvaren skal også ha sett i gang eit arbeid med dette. Me ser fram til at heile fagmiljøet får nok kunnskap til å gje god rettleiing og forvaltning. Det er truleg mange fellestråd som vil sjå på varmpumper som ei miljøvenleg og økonomisk løysing dersom bygg og inventar ikkje tek skade. I vårt våte klima, har me også fått melding om at varmpumper har ”redda” kyrkjer frå soppangrep.

Det har vore ei sak om fellestråd sin bruk av kapitalen i kyrkjefond. Biskopen har hatt ei sak der det er gjeve røysterett for sju medlemmer som ikkje bur i soknet, og det har vore to saker om nytt valoppgjær.

## **Forvaltning knytt til gravferdslova**

Bispedømerådet har gjort ni vedtak knytt til endring ved kyrkjegardar (gravferdslova § 4). Det vart også handsama fem saker om godkjenning av kyrkjegardsvedtekter. Bispedømerådet har handsama 8 klagesaker. Dette gjeld mellom anna Bergen kirkelige fellestråd sin praksis om å krevja etterbetaling av festeavgift for festarar som vil fornya

feste på graver det ikkje har vore kravd eller betalt festeavgift for etter at frigravsperioden gjekk ut. Bispedømerådet gav medhald til festarane på bakgrunn av eit brev frå departementet.

I saker om arealdisponering til kyrkjegardsføremål er bispedømerådet statleg faginstans og har gjeve fråsegn i 13 saker knytt til reguleringsplanar eller kommunedelplanar. Ein ferdig utvida kyrkjegard vart godkjend. Ein søknad om godkjenning av breiare gravminne enn forskrifta tillet, fekk avslag. Bispedømerådet godkjende ein søknad frå sokneråd/fellesråd om løyve til å ta opp lån og godkjende ei sak knytt til forvaltning av kyrkjelege fond.

## Kyrkjelege bygningar – inventar og utstyr

I 2006 vart 64 saker handsama. Biskopen sitt fagråd for kyrkjekunst førebur dei fleste sakene og gjev tilråding. Det er mange søknadar om fjerning av benkar bak i kyrkja for å laga barnekrok og fjerning av benkar framme for å gje plass til lysglobe, kor og orkester eller piano/flygel. Det ser også ut til at me har fått ein ny trend med fastmontert videoprojektor og lerret.

Det er positivt at fleire kyrkjelydar tenkjer heilskapleg. Når dei først skal gjera noko, tek dei ein totalgjennomgang av kyrkja og får ei gjennomtenkt fornying av mange ting på ein gong.

## Økonomiforvaltninga


Bispedømekontoret har tre medarbeidarar i økonomiseksjonen. I to av stillingane har det vore utskifting. Vi har klart oss bra, mykje takka vere stor innsats av lønskonsulenten.

Vi har særleg arbeidd med å leggje til rette for eit godt grensesnitt mellom personal og løn. Vi har ein arbeidsflyt der personal-konsulenten skal dokumentere alle lønsendingar. Dette ser ut til å bere frukter ved at feilprosenten vert lågare.

Det er gledeleg å merke at presteskapet i større grad er flinkare til å dokumentere reiserekningar m.m., og at fleire nyttar dei elektroniske oppsetta av krav som vi har lagt ut på bispedømet si heimeside.

Vi har ikkje kome i mål med å etablere skriftlege rutinar for alle gjeremål. Dette skuldast utskifting av medarbeidarar og venta innføring av nytt løns- og personalsystem.

## Kommunikasjon



Stiftsnytt våren 2006 hadde fleire artiklar knytt til satsinga vår på medarbeidarskap. Haustutgåva tok mellom anna føre seg retreat, åndeleg rettleiing. Statistikken for nettsidene viser at talet på besøk har auka frå om

lag 28.000 i 2005 til 42.000 i 2006.

Bispedømerådet og biskopen er jamleg i media, i dei aller fleste tilfelle i positive oppslag.

## IT

År 2006 har vore prega av stabilitet på datanettet, OVF si IT-eining innfrir våre forventningar både med omsyn til teknisk infrastruktur og bistand til sporadiske problemstillingar.

Erfaringane med det elektroniske arkivsystemet WebSak, som blei innført i 2005, er gode.

## Tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane

Tildelt tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane innan Bjørgvin bispedøme var i

år 2006 om lag kr. 6,45 mill., mot kr. 8,4 mill. i år 2005.

Vi har ikkje motteke formelle meldingar om at tilskotet vert nytta til føremål som skulle vore finansiert av kommunane, men det er vårt klare inntrykk at mange fellestråd er avhengige av dette tilskotet for å halde oppe regulær drift.

## **Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk**

Av løyvinga på kr. 10.376.000 til kyrkjeleg diakoni, undervisning og kyrkjemusikk for år 2006, har kr 135.000 vorte gjeve som tilskot til kyrkjemusikalsk arbeid ved Bergen domkirke i tråd med føresetnadene i statsbudsjettet. Resten av løyvinga har i hovudsak gått med til å dekkje 50 % refusjon for 15 soknediakonstillingar og full refusjon for 16,3 kateketstillingar tilsett ved ulike fellestråd.

Vakansar i diakon- og kateketstillingane har også dette året ført til at bispedømerådet har gjeve støtte til fellestråd som har særlege utfordringar innan diakoni og kyrkjeleg undervisning. I eit par tilfelle har dette vore eit viktig bidrag til etablering av lokalt finansierte stillingar.

## **Miljøleing – ”Grøn Stat ”**

Bispedømekontoret valde å følgje opp krava i Grøn Stat ved å sertifisere verksemda på kontoret etter krava i Miljøfyrtårn. Bispedømekontoret vart miljøfyrtårn desember 2006.

## **Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet**

Biskopen vigsla sjømannskyrkja i Lanzarote 26. november, og hadde visitas i Geneve, Sveits, på hovudkontoret i Bergen og i New Orleans og Miami i USA. Besøket på sjømannskyrkjene har auka dei siste åra. 691.069 var i kontakt med

sjømannskyrkjer verda over (mot 666.316 i 2005, 653.671 i 2004 og 638.560 i 2003).Også i år er Gran Canaria den sjømannskyrkja med mest besøk totalt, og når det gjeld gudstenestedeltaking er dei mest populære sjømannskyrkjene Alicante og Gran Canaria med 14.811 og 11.522 til gudsteneste. Gudstenestedeltakinga totalt er litt mindre enn i fjor 113.050 (120.408 i 2005). Trenden med auka nattverdsøking held seg. Det var 38.965 til nattverd (mot 35.060 i 2005 og 35.960 i 2004). Dette stadfester ei utvikling ein har sett i fleire år. Sjømannskyrkja har lukkast i å gje folk frimod til å definera seg innanfor det kyrkjelege fellesskapet, og folk opplever at dei ”har lov” til å gå til nattverd.

## **Tilstandsvurdering hovudmål 2 - prestetenesta**

*Hovudmål 2: Prestane skal ha slik verdiforankring og identitet, og slik fagleg og strategisk kompetanse, at dei forordna tenestene og den kyrkjelydsbyggjande verksemda elles, vert ivaretatt med kvalitet. Kyrkjelydane og den einskilde kyrkjemedlem skal sikrast regelmessig geistleg betjening og inspirerast til å verka i samsvar med vår kyrkje si lære og ordningar. Nye medarbeidarar skal kallast og vigslast.*

## **Regelmessig geistleg betjening**

*Resultatmål 2.7: Sikra kyrkjelydane og den einskilde kyrkjemedlem regelmessig geistleg betjening.*

Arbeidet som vart gjort året før med å greie ut ein ressursfordelingsplan har vorte til god nytte. Det er framleis grunn til å merka at den store folketalsutviklinga i Bergen og nærområda syner trong for auka kyrkjeleg betjening. I samband med arbeidet med nye

tenesteordningar har ein hatt ein gjennomgang av kvart prosti, med nokre interne justeringar for å jamne ut arbeidsbøra mellom prestane. Det vil vere naturleg å nytte prostiet som eining i høve til prioritering av nye presteressursar.

Konklusjonen frå arbeidet med ressursfordeling, syner likevel at ein ikkje når i mål med interne justeringa. Det viser seg at dagens smertepunkt er samanfallande med område som ventar sterk folketalsauke. I høve framskrivinga frå SSB vil folketalsauken i Hordaland vere på 50.000 dei neste 15 åra. Det svarer til 14 nye prestestillingar. Per dags dato er det prestegjeld som har hatt så stor auke i folketal utan å få tilført presteressursar at den totale arbeidsbelastninga i høve kyrkjeleg betjening per stilling er på over eitt årsverk per stilling. I dette er ikkje kyrkjelydsarbeid inkludert. Desse prestegjelda ligg i vekstområde.

I 2006 har vi gått aktivt inn med ekstra presteressurs i dei prestegjelda som er hardast råka.

I Sogn og Fjordane vil folketalet vere stabilt. I dette fylket vil det difor vere meir aktuelt med interne omdisponeringar i prostiet, enn tilføring av ressursar. Dette er dei alt i gang med å arbeide med. Grunna store avstandar, fjordar og øyer er det ikkje høve å spara inn prestestillingar sjølv om ein i einskilde prestegjeld isolert sett har god dekning.

## Rekrutteringstiltak

Jf likestilling.

Vi har gjennomført intervju i sju av åtte tilsetjingssaker. I snitt har vi fem søkjarar per stilling. Nokre av desse søker fleire stillingar. I fem av tilsetjingssakene vart det tilsett eksterne søkjarar.

Ved årsskiftet er det 17 stillingar som står i kø for utlysing! I mange av desse stillingane må vi arbeida med mellombelse vikarløysingar medan vi ventar på at

bustaden vert rehabilitert. Dette er krevjande for kyrkjelydane.

Vi ser forskjell på bygd og by med omsyn til rekruttering. Vi ser fleire stader at det er få søkjarar til stillingar, og for første gang på lenge har vi hatt trong for å lysa ut ei stilling for andre gong.

Mot slutten av året har vi byrja med skriftleg referat frå intervju som følgjer saka.

## Vikarordningar

Björgvin bispedøme har i 2006 ført vidare prinsippa om at fødsels- og omsorgspermisjonar skal dekkjast opp med full vikar frå dag ein. Vi har òg henta inn vikar i samband med vakanse i stilling og rehabilitering av bustad. Det vert lagt opp til skjønsmessig vikardekking for prestar som har REU-permisjon til deltaking på PKU og 3 månaders studiepermisjonar. Vi merker også at prostane no lettare tar initiativ og sjølv finn vikarar til fleire vikariat også ved sjukdom og ferie. Det må difor vere rett å seie at vikarsituasjonen i 2006 har vore god, og tilgangen på vikarar har også vore tilfredsstillande. Den mest krevjande situasjonen er å få til vikardekning i lengre sjukepermisjonar i distrikta. Det har vorte lagt til rette for vikarløysing i brorparten av tilfella.

## Arbeidsmiljø, helse, miljø og tryggleik

Vi har lagt ut revidert personalhandbok med internkontroll for prestskapet med alle relevante skjema og rettleiingar på heimesidene. I tillegg til drøfting av budsjett og tiltaksplanar, strategiplan og årsmelding har bispedømeleiinga og Presteforeininga ført samtalar om overgang til nye arbeidsavtaler for prestskapet. Det er ført protokoll der rammevilkår for innføring av nye tenesteavtaler i Björgvin er nedfelt.

Eit tema som vi har arbeidd mykje med er prestane sin medråderett i samband med

kyrkjelege fellesråd. Det viser seg her at det er langt mindre retter heimla i avtaleverket for presteskapet enn ein skulle tru i høve til den andre arbeidsgjevarlinja.

Vi ser av etatsstatistikken at prestane i snitt har 3,64 fridagar som ikkje vert tekne ut; eller tilsvarende rundt to årsverk. Det er ikkje klare skilnadar mellom dei prestane som har vikar ved fridagar og dei som ikkje har dette, men tendensen er at dei som har vikar har ein fridag mindre tilgode per 30.11.06.

## Fengselsprestetenesta

Det er stabil teneste med to faste stillingar ved Bergen Landsfengsel. Det er eit godt tverrfagleg samarbeid i fengslet, der prestane er ein naturleg samarbeidspart. Det er og utstrekt samarbeid med Åsane kyrkjelyd og Frelsesarmeen for å gje eit tilbod til dei innsette. Det har vore lagt til rette for kompetanseutvikling med vedtak om at begge prestane deltek på "Soning og forsoning", felles samlingar i Norden og arbeidsvegledning. Det er jamleg tilbod om gudstenester og einskildsamtaler. Av omsyn til strenge trygggleikstiltak er det naudsynt med avdelte tilbod.

Vi har registrert auka behov for tenester utført av prest i fengselet i Vik i Sogn, og no og i det nyoppretta Bjørgvin fengsel i Åsane. Dette året har vi fått løyving til auka fengselsprestteneste. Stillinga vert oppretta i 2007.

## Prestebustadar

2006 har vore eit år med mykje merksemd kring prestebustadsspørsmålet i Bjørgvin. I april melde 10 prestar i Fana prosti tilhøva rundt tenestebustadane sine til Arbeidstilsynet. Dette skjedde etter at dei med bakgrunn i Bjørgvin bispedøme si HMT-handbok hadde bede om å få tilsendt vedlikehaldsplanar for bustadane. Slike planar fanst ikkje, og etter ein del korrespondanse melde Bergen kommune ved Bergen bustad- og byfornyng i oktober

at ein heller ikkje hadde planar om å utarbeide slike. Til slutt meldte Arbeidstilsynet i november at dei ikkje meinte at saka kom inn under deira regelverk. Det er rett å seie at temperaturen i denne saka var høg.

I desember vart det lagt fram tal frå Opplysningsvesenets fond som syner at deira bustadar i bispedømet vårt er blant dei som har størst etterslep på vedlikehald i heile landet. Oppfølginga av enkelte prosjekt ved presteskifte har etter vårt skjønn vore for dårleg.

Ei arbeidsgruppe nedsett av departementet leverte i 2. halvår sin rapport med framlegg til endringar i refusjonsordninga for prestebustadar eigd av kommunane. Bispedømet har gitt høyring til denne, og Bjørgvin biskop er oppnemnd av bispemøtet for å arbeida særskilt med desse sakene i høve departementet og OVF.

## Organisering og leiing av prestetenesta

*Resultatmål 2.8: Styrka leiinga av prestetenesta, samordninga mellom prestane og sokneråda, og samvirket mellom prestane og andre kyrkjeleg tilsette.*

Etter at departementet i 2004 vedtok ny tenesteordning for prostane og endra tenesteordninga for prestane, har spørsmålet om ny organisering av prestetenesta vore eit sentralt tema. Dette var særleg tilfelle i Bjørgvin i 2006. Akkumulerte midlar og friske tildelte midlar frå departementet vart ikkje tekne i bruk. Først etter at førebels tildelingsbrev for 2007 vart kjent i oktober, var det grunnlag for å ta opp igjen samtalanene med Presteforeininga. Vi er godt nøgde med grunnlaget som no er lagt for ny organisering av prestetenesta. 7 av 13 prosti vil våren 2007 få endra organisering. Det vert spanande å sjå om vi oppnår resultat i samsvar med dei måla vi har sett opp for omorganiseringa.



Det er grunn til å peike på det usedvanleg lange tidsforløpet som er gått sidan nye tenesteordningar vart vedtekne. Det har tatt om lag 3 år å skape eit grunnlag for ny organisering. Dette er alt for lenge, og har ført til energilekkasje, tap av fokus på kjerneoppgåver, manglande retning for personalpolitikken og unødvendige frustrasjonar i presteskapaet. På bakgrunn av dette trur vi at denne omorganiseringa har mange læringspunkt i seg for korleis Den norske kyrkja i framtida skal gjennomføre andre endringsprosessar.

## Likestilling

*Resultatmål 2.9: Motivere fleire kvinner til teneste som prestar i kyrkjelydane og til å ha leiarstillingar i kyrkja*

Vi har arbeidd på brei basis for å rekruttera fleire kvinner til bispedømet. Trass at kvinner har vore oppmoda til å søkja, har det ikkje vore kvinnelege søkjarar til prestestillingane som har vore lyst ut. Vi har berre ein kvinneleg søkjar til soknepreststilling, medan spesialpreststillinga/studentprest var mest attraktiv for kvinner.

Bispedømerådet har sett som mål å tilsetja kvinner i 20% av dei stillingane der det er tilsetjing. Av 8 tilsetjingar, vart det tilsett 2 kvinner, eller 25% i 2006. Eit likestillingstiltak som er gjennomført, er at det alltid vert kalla inn minst ei kvinne til intervju frå søkjarlista. Men det var berre tre av stillingane det var kvinnelege søkjarar til. Dette er eit utfredstillande lågt tal.

På møte med teologistudentar har ”Björgvin ynskjer fleire kvinner” vore eit fast tema og ein har snakka om haldningar til kvinnelege prestar med sikte på å få fleire kvinnelege søkjarar til prestestillingar. Kvinnelege studentar har vorte oppmoda om å søka sommarvikariat i bispedømet.

Dei kvinnene som har søkt på etterutdanning, har vorte prioritert.

Kjønnsfordeling i %	Totalt		Leiarstillingar (Prostar)		Øvrige stillingar	
	Kvinner	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
alle tilsette	12	88	0	100	-	-
heiltidstilsette	12	86,7	0	100	-	-
deltidstilsette	-	1,3	0	0	-	-
Gjennomsnittsløn (1000 kr)	380	398		483		

## Kompetanseutvikling

*Resultatmål 2.10: Utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta hos den enkelte prest.*

For å kunna utvikle kunnskapar, dugleik og motivasjon for tenesta er det naudsynt å ha eit variert spekter; både i bredde og med tilbod om etterutdanning. Vi ynskjer at mykje av grunnplanka for utvikling skal skje lokalt og i prostiet. I byen ser vi at prestane jamleg kjem saman og samtalar om søndagens tekst. Prostia arrangerer fagdagar for prestane og til dels og tverrfaglege samlingar. Bispedømekontoret har arrangert fleire kurs m.a. i høve til trosopplæring og stiftsmøtet vart vigd til medarbeiderskap og gudstenestereforma.

REU har følgd opp satsinga på etterutdanningstilboda frå PF. Det vart vedteke ei endring sentralt om eit nærare samarbeid med utdanningsinstitusjonane for å gje etterutdanninga poenggejvande kompetanse. Det har vore ein jamn god straum av søknader til PF sine tilbod. Vi har gode erfaringar frå prosti som reiser saman på studietur eller felles retreat. Kvinner som har søkt om SPP-modular har vore prioriterte. Vi har i 2006 opna opp for fleire individuelle studiepermisjonar over noko tid.

Vi prøvde å nytta kompetansekartet som PF har utvikla i samband med tilsettingsakene. Det synt seg å vera eit lite tenleg verkty til vårt føremål og vi gjekk difor bort frå det.

Vi ser generelt at prostane sitt fokus på kompetanseutvikling i medarbeidersamtalar gjer seg utslag i meir gjennomtenkte

søknader, og søknader frå prestar som ikkje tidlegare har søkt REU. Deira arbeid med fagdagar i prostia har og hatt ein positiv effekt.

Det er no tid for ei revidering av kompetanseutviklingsplanen for presteskapet.

## Retreatarbeidet

Styringsgruppa for retreat i Bjørgvin har gjennomført to retreat i 2006. Samarbeidet med St. Joseph Retrettsenter på Nesøya og Holmely retreatsenter i Nordfjord har ført til at vi brukar desse to sentra til retreata. Verdien av retreattilbod for kyrkjelege medarbeidarar er stor.

I desember starta samtalar mellom bispedømekontoret og Stiftelsen for Bergen Diakonissehjem om oppretting av eit retreat- og åndeleg vegleiingssenter på Haraldsplass. Samtalane er eit resultat av arbeidet frå ei prosjektgruppe som konkluderte med at det var eit behov for eit slikt senter også her vest og at retreatarbeidet ville tene på at dei to gruppene, styringsgruppa for retreat i Bjørgvin og Styret for retreat Bergen, vert slått saman.

## Arbeidsretteiing (ABV)

Våren 2006 blei to rettleiingsgrupper avslutta etter to års virke. To grupper som starta opp i 2005 heldt fram i heile 2006. Ei ny gruppe starta opp seint på våren 2006. Til saman har 32 delteke i grupperettleiing og 3 personar vore til individuell rettleiing. Parallelt med desse gruppene går to grupper for prostane. Denne rettleiinga er basert på kollegaretleiing.

Bjørgvin har 17 godkjende rettleiarar. For desse har det vore 4 gruppesamlingar og ein fagdagar med emne: *"Vegleiingssirkelen"*. *Når vegleiinga rører ved den vegleide og vegleiarar liv.* Ein anar eit større behov for individuell rettleiing.

## Arbeidsvilkår for prestane

*Resultatmål 2.11: Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.*

## Livsfasetilpassing

Den ordninga vi har hatt best tilbakemeldingar frå prestane på, er full vikardekking ved omsorgspermisjonar. Det fører til at fleire, både mødre og fedre, og tek ut uløna permisjon utover første år.

Fleire seniorar har bede om å få gå over i vikarstilling eller prostipreststilling. Det er gjort avtale om endring av teneste for ein medarbeidarar som gjekk over i 60% vikarpreststilling i samband med AFP.

IA-avtalen har vore til god hjelp i oppfølginga av dei langtidssjukmelde. Det er etablert rutinar for oppfølging som prostane følgjer opp. Fleire har og vore i dialog med lege for å samtale om tilrettelegging av arbeidssituasjonen. Dette er ofte ein prosess som krev innsats over tid. Ein medarbeidar har fått endring i arbeidsvilkår i samband med overgang til delvis uføretrygd. Fleire medarbeidarar er i heil eller delvis uførepensjon for ein midlertidig periode, der ein har sett inn full vikarløysing. I saker med langvarig sjukdom har arbeidsgjevar lagt vekt på å søkje å få langsiktige vikarordningar.

Personalpresten har ei aktiv rolle i å halde kontakten med dei sjukmelde. Han har og sjelesorg, og har i år hatt over 200 samtaler med presteskapet.

## Beredskap og fritid

Beredskapsavtalen har gitt nye og betre rammer for prestane si fritid. Beredskapsavtalen er godt lagt til rette av prostane. Ordninga med frihelg kvar 4 helg er innført for alle og det vert arbeidd med planar for uttak av fritid.

## Lokal redningsentral (LRS)

Når det gjeld LRS-arbeidet, har bispedømet tre politidistrikt i sitt område, Sogn og Fjordane, Hordaland og Haugaland.

Haugaland politidistrikt er knytt opp mot Stavanger bispedøme.

I Bjørgvin er det to grupper med LRS-prestar, ein tilknytt Hordaland politidistrikt med sete i Bergen og ein tilknytt Sogn og Fjordane politidistrikt med sete i Florø. LRS-prestane var samla til ein fagdag i mars.

Dette var den første i sitt slag og tema handla om sjølve LRS-prestetenesta.

Dei to hovudprestane i LRS deltok saman med personalpresten på eit skandinavisk kriseseminar våren 2006, i Oslo.

Ein arbeider nå med å ferdigstille bispedømet plan for katastrofar og ulukker.

## Samordning og samarbeid

Prostane har god dialog med kyrkjeverjene og sokneråda og dei fleste legger til rette for tverrfaglege fora i prostiet, og også kyrkjedagar med felles tema. Det er og lagt opp til møtepunkt med dei einskilde stabane. Vi ser òg at prostane tek tak i samhandlingsutfordringar lokalt i større grad enn før.

Det er urovekkjande få lokale vernerundar i bispedømet. Vi har inngått samarbeidsavtale med brorparten av fellesråda, og likevel rapporterer prostane om svært låg aktivitet på dette området av det systematiske arbeidsmiljøarbeidet.

## Kommentarar til årsrekneskapen 2006

Drifta av bispedømekontoret og arrangementsverksemda (kap 0340 / 3340) vart gjort opp med eit overskot på kr 309.300.

Dei viktigaste årsakene til overskot er:

- Vakansar i stillingar ved bispedømekontoret, spesielt på økonomiseksjonen.
- Utsett iverksetjing av nytt løns- og personalsystem, SAP.

Drifta av presteskapet (kap 0341 / 3341 post 01) vart gjort opp med eit overskot på kr 1.846.000. Den viktigaste årsaka til overskot er at nye tenesteordningar var tenkt innført i år 2006, men vil først bli innført frå 01.01.07.

Rekneskapen for oppdragsverksemda (kap 0340 post 21) er gjort opp i balanse.

Rekneskapen for diakoni, undervisning og kyrkjemusikk (kap 0340 post 71.16) er gjort opp med eit meirforbruk på kr 73.628. Årsaka til meirforbruk her er at vi valde å utbetala seint innkomne krav i samband med endringar i lønsplassering etter lønsoppgjøret år 2006, samt at bispedømerådet valde i sitt møte i desember å oppretthalda rammebeløpet som blei lagt fram i forslag til enkeltvedtak for ekstra tilskot.


Rekneskapen for kyrkjeleg verksemd i kommunane (kap 0340 post 72) er gjort opp i balanse.

Bergen, 27. februar 2007

Magne Skjeldal (s)  
Leiar Bjørgvin  
bispedømeråd



Ole D. Hagesæther  
biskop



Helge Taranød  
stiftsdirektør

## Vedlegg

Gjennomført program for  
biskopen 2006  
Nøkkeltal – kyrkjeleg statistikk  
for bispedømet (~~vert  
ettersendt i mars~~).  
Etatsstatistikk

Styremøte Kontakttelefonen for pionerdykkere

22. mars, Oslo

5. september, Oslo

Referansegruppe for felles ekteskapslov

11. september, Oslo

30. november, Oslo

Andre arrangement/hendingar

1. januar: Innsetjing av prost Sigurd Vengen i Midhordland prosti

28. februar: Forelesning NLA

11. mars: Ungdomsting i Fana

17. mars: Nordhordland Rotary 20

årsjubileumsfest, forelesning

21. mars: Styringsdialog KKD, Oslo

24. mars: O3-samling

25. mars: Fasteaksjonen, Fjell kyrkje

9. april: Innsetjing av prost Reidar Knapstad i Sunnfjord prosti

16. april (påskedag): Gudsteneste i Domkirken

4. mai: Vitjing av dansk prostemøte, Haderslev

7. mai: Espeland fangeleir, gudsteneste

8. mai: Sjømannskyrkja i Stockholm, årsmøte

9. mai: Andakt ved medarbeidarsamling for Kirkens Sosialtjeneste, Johanneskirken

15. mai: Opning av NMS sin gjenbruksbutikk

17. mai: Den norske foreningen i Helsingfors, gudsteneste

22.-23. mai: Synfaring med Riksantikvaren i Indre Sogn

24. mai: Festspillopning

29. mai: Bibelselskapet sitt representantskap, Oslo

8. juni: Statsbesøk frå Spania

10. juni: Markering av Nærøyfjorden på Verdsarvlista. Dronning Sonja på vitjing i Flåm.

11. juni: Festgudsteneste i Eid kyrkje i Fjelberg ("Skjoldmøen")

19.-21. juni: Vegen til presteneste, Jæren Folkehøgskole

22. juni: Kroningsjubileum, Trondheim

30. juni – 2. juli: Sjømannskyrkja si generalforsamling, Bergen

2. juli: Festgudsteneste i Johanneskirken

18. august: Fagdag for verneombod

1. september: Seminar i samband med Knarvikmila

6.-7. september: Kronprinsbesøk i Sogn og Fjordane

9. oktober: Bisetting av Asbjørn Herteig i Mariakirken

20. oktober: Religionsdialogmøte, Korskirken

22. oktober: 65-årsfest på Fløirestauranten

7. november: Middag på Det Kongelige Slott

3. desember: Bispevigsling i Borgå, Finland

14. desember: Synfaring i Holsen kyrkje

15. desember: Synfaring med NIKU i kyrkjer i Bergen

18.-20. desember: Porvoo-konsultasjon, Sigtuna i Sverige vedrørende

homofilisporalet

28. desember: Nordhordland folkehøgskole, festtale

## **GJENNOMFØRT PROGRAM FOR BISKOPEN I BJØRGVIN 2006**

### Visitasar

Geneve, Sveits 26.-30. januar  
Osterøy 1.-5. februar  
Årdal 1.-5. mars  
Hovudkontoret til Sjømannskyrkja 10. mars  
Stryn 29. mars - 2. april  
Sund 26.-30. april  
Øygarden 13.-17. september  
New Orleans og Miami 12.-19. oktober  
Lavik 1.-5. november  
Fjelberg 8.-12. november  
Olsvik 6.-10. desember

### Presteordinasjonar

24. februar Toril Bull-Njaa Larsen i Birkeland kyrkje  
14. juni Marie Gullborg Grindheim i Birkeland kyrkje  
20. august Roger Brevik i Florø kyrkje  
31. oktober Vidar Haldorsen i Tveit kyrkje, Askøy

### Kateketvigsling

12. mars Hans-Petter Dahl i Fana kyrkje

### Diakonvigsling

23. april Linda Bårdsen i Storetveit kyrkje  
10. september Liv Kari Bru i Stord kyrkje

### Kantorvigsling

19. februar i Domkirken: Ingrid Pedersen Furdal, Ole Jørgen Furdal, Jostein Molde, Bjarte Aadland, Jan Overweg, Tone Synnøve Øygard Steinkopf, Olav Arne Steinkopf, Anne Karin Stormyr, Inger-Elisabeth Aarvik, Anders Rinde, Anne-Berit Rinde Bjelland.

### Kyrkjevigsling

3. september: Erdal kyrkje, Askøy  
26. november: Sjømannskyrkja på Lanzarote

### Kyrkjejubileer

21. mai: Tysnes kyrkje 100 år  
24. september: Hornindal kyrkje 150 år  
5. november: Bjordal kyrkje 100 år

31. desember: Sandvikskirken 125 år  
Oktober: New Orleans

### Bispemøte

23.-25. januar  
3.-7. april  
28. september – 3. oktober

### Kyrkjemøte

13.-19. november

### Bispedømerådsmøte

7. februar  
14. mars  
2. mai  
13. juni  
28.-29. august  
10. oktober  
7. november  
12. desember

### Prostemøte

19.-21. april  
30. august  
23.-25. oktober

### Prestemøte/medarbeidarsamlingar

1. januar: Nyårsmottaking i Åsane kyrkje  
8. januar: Prostidag i Sunnhordland prosti  
18. januar: Medarbeidarsamling i Sunnfjord prosti  
19. januar: Medarbeidarsamling i Nordfjord prosti  
23. februar: Konvent i Nordhordland prosti  
23. mars: Leiarkonferanse for prostar og kyrkjevevjerer  
30. mai – 1. juni: Stiftsmøte, Ulvik  
15. juni: Konvent i Sunnhordland prosti  
4. september: Fagdag for diakonar  
8. – 9. september: Bispedømemøte, Ulvik  
26.-27. september: Stabstur til Bjørnefjorden Gjestetun, Os  
7. oktober: Medarbeidarsamling i Nordhordland prosti  
29. november: Medarbeidarfest på Hotell Terminus

Bjergvin bispedøme - NØKKELTAL 2006 (tala i rad 2 viser til skjemaet for kyrkjeleg årsstatistikk)

	Døyppte	Delt. søndagsgu	Delt.andre g	Delt.gudst.td	Søndagsgu	Andre gudst.	Nattverdsgud	Nattverddelta	Gudst. tot.	Gj.snitt.guds	Gj.snitt hovv	Gj.snitt natv	Konf.tot.	Offer tot.	Innmelde	Utmelde	Vigslar
	4.1	5.A.2	5.A.4		5.A.1	5.A.3	5.C.1a	5.C.1.b					4.3	11.1.a	3.1	3.2	4.4
Bergen domprosti	399	51919	14724	66643	595	601	806	26782	1196	455	545	245	192	1311547	16	193	180
Arna og Åsane prosti	486	53087	17575	70662	400	131	216	11448	531	133	133	53	564	1397002	9	81	89
Fana prosti	770	77209	21985	99194	461	205	297	20513	666	149	167	69	824	1723447	14	123	147
Laksevåg prosti	521	37017	12948	49965	384	162	300	10763	546	486	96	36	482	905202	7	102	60
Midhordland prosti	363	38585	12902	51487	324	173	161	6106	497	104	119	38	352	1231866	0	36	64
Vesthordland prosti	634	65394	21429	86823	483	288	414	14421	771	113	135	35	669	1438176	5	70	111
Sunnhordland prosti	642	94602	19858	114460	856	318	494	18310	1174	97	111	37	724	2695517	4	60	151
Hardanger og Voss prosti	422	57066	10934	68000	702	147	342	10929	849	80	81	32	488	1513097	7	40	107
Nordhordland prosti	450	59111	15192	74303	610	160	349	13158	770	96	97	38	473	1714512	5	45	93
Ytre Sogn prosti	150	29107	4396	33503	474	92	249	4234	566	59	61	17	176	654222	4	13	25
Indre Sogn prosti	297	41032	3413	44445	498	51	226	4697	549	81	82	21	308	1197445	2	22	54
Sunnfjord prosti	460	66543	11571	78114	632	133	293	9048	765	102	105	31	478	1653394	12	37	89
Nordfjord prosti	393	69076	12127	81203	779	141	320	8917	920	88	89	28	433	1471908	5	31	73
<b>SUM</b>	<b>5987</b>	<b>739748</b>	<b>179054</b>	<b>918802</b>	<b>7198</b>	<b>2602</b>	<b>4467</b>	<b>159326</b>	<b>9800</b>	<b>93,7553061</b>	<b>102,771325</b>	<b>35,6673383</b>	<b>6163</b>	<b>18907335</b>	<b>90</b>	<b>853</b>	<b>1243</b>
2006	5987	739748	179054	918802	7198	2602			9800	93,76	102,77	35,67	6163	18907335	90	853	1243
2005	6134	752924	204728	957652	7243	2927			10170	<b>94,16</b>	<b>103,95</b>	<b>#DIV/0!</b>	6031	18256040	109	629	1295
2005-2006	-147	-13176	-25674	-38850	-45	-325	+4467		-370	0	-1		132	651295	-19	224	-52

Korte kommentarar til statistikken:

Samlestatistikken er noko endra i høve til i fjor. Dette året er det teke med tal på nattverdsgudstenester og nattverddeltakarar for å rekna ut snittet på nattverdgerster. Dette har ikkje vore gjort tidlegare. Talet på gudstenester har gått ned i høve til tala for 2005. Dette kan skyldast nye tenesteorordningar og fridagsavtalar for prestane. Talet på gudstenededagar varierer dessutan noko frå år til år. Snittet på gudstenedeltakarar er stabil.



## Etatsrapportering 2006

Björgvin bispedømme

NB! Les veiledningen nøye.

1. Prestestillinger:		Årsverk	Stillinger	2005
1.1	Antall tildelte årsverk kap. 341			
1.2	Antall faste prestestillinger lønnet over kap. 341, årsverk og stillinger	13	174	174,6
1.2.1	Antall proster	13	13	13
1.2.1.1	herav kvinner	0	0	0
1.2.2	Antall sokneprester		120	80
1.2.2.1	herav kvinner		14	9
1.2.3	Antall kapellaner		22	63
1.2.3.1	herav kvinner		3	6
1.2.4	Antall prostiprester		4	6
1.2.4.1	herav kvinner		0	0
1.2.5	Antall seniorprester		4	
1.2.5.1	herav kvinner		0	
1.2.6	Antall andre faste prestestillinger lønnet over kap 341		11	12
1.2.6.1	herav kvinner		3	2
1.2.7	Antall proster som ikke er sokneprester		4	4
1.2.7.1	herav kvinner		0	0
1.2.8	Antall prestestillinger med prostiet som tjenestedistrikt		22	6
1.2.8.1	herav kvinner		5	0
1.2.9	Antall prester i fast stilling i alderen 40 år eller yngre		39	
1.2.9.1	herav kvinner		8	
1.2.10	Antall prester i fast stilling i alderen 41-55 år		79	
1.2.10.1	herav kvinner		9	
1.2.11	Antall prester i fast stilling i alderen 56-61 år		33	
1.2.11.1	herav kvinner		2	
1.2.12	Antall prester i fast stilling i alderen 62 år eller eldre		23	
1.2.12.1	herav kvinner		2	
1.3	Antall deltidsstillinger lønnet over kap. 341, årsverk og stillinger	0	4	
1.3.1	Antall prester i deltidsstilling i alderen 40 år eller yngre		0	
1.3.1.1	herav kvinner		0	
1.3.2	Antall prester i deltidsstilling i alderen 41-55 år		0	
1.3.2.1	herav kvinner		0	
1.3.3	Antall prester i deltidsstilling i alderen 56-61 år		2	
1.3.3.1	herav kvinner		0	

1.3.4	Antall prester i deltidsstilling prester med AFP (62 år eller eldre)		1	1
1.3.4.1	herav kvinner		0	0
1.3.5	Antall prester i deltidsstilling i alderen 62 år eller eldre (ikke AFP)		1	0
1.3.5.1	herav kvinner		0	0
1.4	Antall prester i midlertidig tilsetningsforhold, årsverk og stillinger			
1.5	Antall faste vikarer kap. 341, årsverk og stillinger	4	5	
1.6	Antall ledige/ubesatte stillinger pr 31.12, årsverk og stillinger		10	
<b>2. Tilsetninger:</b>				
2.1	Antall tilsetninger i faste prestestillinger kap. 341, årsverk og stillinger	0	8	5
2.1.1	Antall tilsetninger i alderen 40 år eller yngre		2	
2.1.1.1	herav kvinner		1	
2.1.2	Antall tilsetninger i alderen 41-55 år		4	
2.1.2.1	herav kvinner		4	
2.1.3	Antall tilsetninger i alderen 56-61 år		2	
2.1.3.1	herav kvinner		1	
2.1.4	Antall tilsetninger i alderen 62 år eller eldre		0	
2.1.4.1	herav kvinner		0	
2.2	Antall søkere til utlyste prestestillinger kap. 341		41	31
2.2.1	Antall søkere i alderen 40 år eller yngre		16	
2.2.1.1	herav kvinner		2	
2.2.2	Antall søkere i alderen 41-55 år		16	
2.2.2.1	herav kvinner		1	
2.2.3	Antall søkere i alderen 56-61 år		9	
2.2.3.1	herav kvinner		1	
2.2.4	Antall søkere i alderen 62 år eller eldre		0	
2.2.4.1	herav kvinner		0	
2.3	Antall tilsettingssaker i faste prestestillinger kap. 341		8	5
2.3.1	herav tilsetningsaker der stillingen ble kunngjort på nytt		1	

<b>3. Avskjed/fratreden/permisjon:</b>				
3.1	Antall prester som har fratrudd/fått avskjed fra sin stilling, årsverk og stilling	0	19	8
3.1.1	Grunnet uførepensjon		2	0
3.1.1.1	herav kvinner		0	0
3.1.2	Grunnet alderspensjon		3	2
3.1.2.1	herav kvinner		0	0
3.1.3	Grunnet avtalefestet pensjon		2	1
3.1.3.1	herav kvinner			0
3.1.4	Grunnet overgang til annen statlig prestestilling		7	2
3.1.4.1	herav kvinner		0	0
3.1.5	Grunnet overgang til ikke-statlig prestestilling eller annen kirkelig stilling		2	2
3.1.5.1	herav kvinner		0	1
3.1.6	Grunnet overgang til ikke-kirkelig stilling		1	0
3.1.6.1	herav kvinner		0	0
3.1.7	Grunnet annen fratredelsesårsak		2	1
3.1.7.1	herav kvinner		0	1
3.2	Antall prester som har hatt fødsels-/omsorgspermisjon, årsverk og stilling		18 prester	
3.2.1	herav kvinner		6	
3.3	Totalt antall dager med fødsels-/omsorgspermisjon		1149	
3.3.1	herav til kvinner		706	
<b>4. Kompetanseutvikling:</b>				
4.1	Totalt antall dager studiepermisjon med lønn blant prester		365	
4.1.1	herav kvinner		45	
4.2	Antall prester som har hatt studiepermisjon med lønn, årsverk og stillinger	1,5	15	
4.2.1	herav kvinner		3	
4.3	Antall prester som har hatt 3 mnd el. mer i studiepermisjon, årsverk og stillinger	0,25	1	4
4.3.1	herav kvinner	0	0	1
4.4	Totalt driftsbudsjett benyttet til etterutdanning av prester, beløp i hele kroner		1.008.000	650.000
4.4.1	Midler avsatt til kurs, reiser, stipend etc. i forbindelse med studieperm.		183.000	300.000
4.4.1.1	herav til kvinner		33.000	30.000
4.4.2	Utgifter i forbindelse med lønn i permisjonstiden		650.000	1.200.000
4.4.2.1	herav til kvinner		50.000	135.000
4.4.3	Utgifter til vikarer		175.000	250.000
4.4.3.1	herav for kvinner		30.000	100.000
4.4.4	Eventuelle andre utgifter i forbindelse med etterutdanning/studieperm.		0	
4.4.4.1	herav til kvinner		0	

4.5	Antall søkere til etterutdanningskurs (PF/Komp.rådet), årsverk og stillinger		9	36
4.5.1	Antall innvilgede søknader		9	28
4.5.1.1	herav kvinner		1	3
4.5.2	Antall avslåtte søknader		0	8
4.5.2.1	herav kvinner		0	0
4.6	Antall prester som har deltatt på etterutdanningskurs, årsverk og stillinger	1,5	8	25
<b>5. Ledelse:</b>				
5.1	Antall prostier i bispedømmet		13	13
5.1.1	Antall prostier med kompetansekart		0	4
5.1.2	Antall prostier med spesialisert prestetjeneste		2	2
5.2	Antall prester som har hatt medarbeidersamtale, årsverk og stillinger	0	159	
5.2.1	Antall proster som har hatt medarbeidersamtale med biskopen		13	
5.2.1.1	herav kvinner		0	
5.2.2	Antall sokneprester som har hatt medarbeidersamtale med prosten		76	74
5.2.2.1	herav kvinner		9	
5.2.3	Antall kapellaner som har hatt medarbeidersamtale med prosten		44	
5.2.3.1	herav kvinner		6	
5.2.4	Antall andre prester som har hatt medarbeidersamtale med prosten		16	
5.2.4.1	herav kvinner		2	
5.2.5	Antall kapellaner som har hatt medarbeidersamtale med soknepresten		8	
5.2.5.1	herav kvinner		2	
5.2.6	Antall andre prester som har hatt medarbeidersamtale med soknepresten		2	
5.2.6	herav kvinner			
5.3	Antall prester med ABV-kompetanse, årsverk og stillinger		15	13
5.3.1	herav kvinner		2	2
5.4	Antall prester som har deltatt i systematisk ABV-tilbud, årsverk og stillinger		12	20
5.4.1	herav kvinner		3	4
5.5	Antall prester med plan for uttak av 1 fridag i uken, årsverk og stillinger	55,5	73	
5.5.1	Antall prester som har planer som inneholder vikarordning	9,5	27	
5.5.1.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		35	
5.5.1.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		50	
5.5.2	Antall prester som har planer som ikke inneholder vikarordning	46	46	
5.5.2.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		105	
5.5.2.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		192	
5.6	Antall prester med plan for uttak av 2 fridager i uken, årsverk og stillinger	70	71	
5.6.1	Antall prester som har planer som inneholder vikarordning	70	70	

5.6.1.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		116	
5.6.1.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		241	
5.6.2	Antall prester som har planer som ikke inneholder vikarordning		1	
5.6.2.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		14	
5.6.2.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		10	
5.7	Antall prester uten plan for uttak av fridager, årsverk og stillinger		33	
5.7.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		25	
5.7.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		144	
<b>6. Sykefravær:</b>				
6.1	Totalt antall dager sykefravær med lønn blant prester, faste stillinger kap. 341		1900	2155
6.1.1	Antall fraværsdager med sykemelding		1812	2032
6.1.1.1	Antall korttidssykemeldinger (< 16 dager)		91	21
6.1.1.1.1	herav kvinner		14	2
6.1.1.2	Antall langtidssykemeldinger (> 16 dager)		74	26
6.1.1.2.1	herav kvinner		10	3
6.1.2	Antall fraværsdager med egenmelding		88	123
6.1.2.1	Antall prester som har tatt ut mindre enn 5 egenmeldingsdager		27	40
6.1.2.1.1	herav kvinner		5	5
6.1.2.2	Antall prester som har tatt ut mellom 5 og 15 egenmeldingsdager		4	2
6.1.2.2.1	herav kvinner		2	1
6.1.2.3	Antall prester som har tatt ut mer enn 15 egenmeldingsdager		0	1
6.1.2.3.1	herav kvinner		0	0

<b>7. Tjenestebolig/boplikt:</b>				
7.1	Antall prester med boplikt, årsverk og stillinger	128	126,6	81
7.2	Antall prester i egen bolig, årsverk og stillinger	47	0	13
7.2.1	herav med fritak fra fondsbolig	5		1
7.2.2	herav med fritak fra kommunal bolig	8		12
7.2.3	herav fordi bolig ikke følger stillingen el.	34		
7.3	Antall søknader om fritak fra boplikt i fondsbolig		0	3
7.3.1	herav innvilgede søknader		0	
7.3.2	herav avslåtte søknader		0	
7.3.3	herav ubehandlede søknader		0	
7.4	Antall søknader om fritak fra boplikt i kommunal bolig		1	3
7.4.1	herav innvilgede søknader		1	2
7.4.2	herav avslåtte søknader		0	1
7.4.3	herav ubehandlede søknader		0	
7.5	Antall presteboliger pr 31.12		139	138
7.5.1	herav kommunale boliger		81	80
7.6	Antall presteboliger i bruk pr 31.12		128	
7.6.1	herav kommunale boliger		75	
<b>8. Vigslinger (gjelder flere stillingskategorier, ikke bare fast tilsatte prester kap. 341):</b>				
8.1	Antall vigslinger til prestetjeneste		4	
8.1.1	herav kvinner		2	
8.2	Antall vigslinger til diakontjeneste		2	
8.2.1	herav kvinner		2	
8.3	Antall vigslinger til katekettjeneste		1	
8.3.1	herav kvinner		0	
8.4	Antall vigslinger til kantortjeneste		11	
8.4.1	herav kvinner		5	

Der det spesifikt bes om det, oppgis tallet i både årsverk og hele stillinger. Dersom dette ikke er nevnt spesifikt, er det kun oppført 1 rubrikk og bare antallet det spørres om føres inn (feks antall søknader eller kronebeløp).